

KVEN VART ARBEIDSLAUSE I DEN FØRSTE BØLGA AV KORONAKRISA OG KORLEIS HAR DET GÅTT MED DEI?¹

Av Jorunn Furuberg

Samandrag

Koronakrisa førte i løpet av kort tid til den største auken i arbeidsløysa som nokon gong har vore registrert i Noreg. I løpet av første halvår 2020 vart i underkant av 468 000 nye arbeidssøklarar registrert hos NAV, ein auke frå 86 400 i same periode i 2019. Ein langt større del av dei nye arbeidssøklarane første halvår 2020 var permitterte heilt eller delvis samanlikna med første halvår 2019. Fleire hadde utdanning ut over grunnskolen, og ein større prosentdel var født i Noreg. Særleg unge i alderen 20-29 år vart ramma av nedstenginga våren 2020, men den prosentvise auken i talet på nye arbeidssøklarar var sterkast for dei eldste i arbeidsstyrken. Samanlikna med dei siste «vanlege» nedgangskonjunkturane var det andre yrkesgrupper som blei råka. I yrkesgruppene butikk- og salsarbeid, reiseliv og transport og innan serviceyrke og anna arbeid var det flest nye arbeidssøklarar første halvår 2020.

Dei fleste som vart arbeidslause på grunn av smittevernstiltaka våren 2020 var arbeidslause i ein kort periode. Det kan likevel sjå ut som at dei som blir verande arbeidssøklarar over tid har mange av dei same kjenneteikna som dei som har blitt langtidsledige i andre periodar med høg arbeidsløyse. Eldre, personar utan utdanning ut over grunnskolen og innvandrarar frå ikkje-vestlege land skil seg ut med auka sannsyn for å bli verande arbeidssøklarar fem månader eller meir. Når vi ser på yrkesgrupper så har personar med bakgrunn frå reiseliv og transport høgast sannsyn for å bli langtidsarbeidssøklarar.

70 prosent av dei nye arbeidssøklarane første halvår 2020 er ute av NAV sine register og i jobb etter åtte månader. Dette er 21 prosentpoeng fleire enn blant dei nye arbeidssøklarane same periode året før. Når det gjeld yrkesbakgrunn har arbeidssøklarar med bakgrunn frå bygg -og anleggsarbeid høgast sannsyn for å vera i jobb medan personar utan yrkeserfaring har lågast sannsyn. Å vera født i Noreg, å ha høgare utdanning og det å vera busett i Nordland eller Møre og Romsdal er alle faktorar som gir høgast sannsyn for å vera ute av NAV sine register og i jobb etter åtte månader.

.....
¹ Takk til Åshild Male Kalstø for hjelp til datauttrekk og Eugenia Vidal-Gil for nyttige innspel og kommentarar.
.....

Innleiing


Ved utgangen av februar var koronakrisa enno ikkje eit faktum i Noreg, og det var til saman registrert 105 900 personar som anten var heilt arbeidslause, delvis arbeidslause eller arbeidssøklarar i tiltak hos NAV (figur 1). Den 12. mars 2020 innførte regjeringa omfattande tiltak for å hindra spreinga av viruset. Tiltaka førte til at svært mange arbeidsplassar blei stengde og mange vart permitterte heilt eller delvis. I løpet av dei siste vekene i mars eksploderte arbeidsløysetalen slik at det ved utgangen av mars var registrert i underkant av 412 000 ordinære arbeidssøklarar. Ein slik auke på så kort tid har aldri tidlegare vore observert i Noreg. Frå slutten av april blei nokon av restriksjonane oppheva eller mjuka opp, og arbeidsløysa fall ut over våren. Etter sommarferien auka smittetala igjen og det vart etter kvart innført nye restriksjonar, men ikkje like omfattande som i mars. Den samla arbeidsløysa fall utover hausten men held seg likevel på eit høgare nivå enn før koronakrisa.

Arbeidsløysa som følge av koronakrisa skil seg ut frå ein vanleg nedgangskonjunktur ved at smittevernstiltak var den direkte utløysande årsaka til at folk mista jobben eller blei permitterte. I kva grad påverka dette kven som

vart utan arbeid? I nedgangskonjunkturar er det gjerne unge menn innan dei konjunkturutsette næringane som bygg og anlegg og industriarbeid som først vert råka av mangelen på arbeid. Avhengig av kor lenge nedgangskonjunkturen varer, kan låg etterspurnad etter arbeidskraft føra til at grupper av arbeidssøklarar vert utstøytt frå arbeidsmarkanden og trekkjer seg permanent ut av arbeidsstyrken. Personar som er på veg inn i arbeidsmarknaden, som unge og nye innvandrarakar, kan få vanskar med å få ein fot innafør.

I denne artikkelen skal vi sjå på kven som vart arbeidslause då krisa ramma, og korleis det har gått med desse vidare. Korleis skil dei som vart arbeidslause på grunn av koronatiltak seg ut frå dei som vart arbeidslause i same periode året før? Vi ser på alle ordinære arbeidssøklarar, det vil seia heilt arbeidslause, delvis arbeidslause og arbeidssøklarar på tiltak, heller enn heilt arbeidslause sidan koronakrisa førte til ein kraftig auke også i talet på delvis arbeidslause. Mange som blei arbeidssøklarar våren 2020 var arbeidssøklarar berre ein kort periode. Kven avsluttar arbeidsløysperioden raskt og kven blir verande arbeidslause? Kva for kjenneteikn aukar sannsynet for å bli verande arbeidssøklar? Vi ser også på status i høve til arbeidsmarkanden for dei koronaleidige åtte

Figur 1. Talet på registrerte heilt arbeidslause og arbeidssøklarar på tiltak pr. veke. Veke 1-51 i 2020, bortsett frå veke 16



Kjelde: NAV

månader etter dei starta arbeidssøklarperioden. Kva for kjenneteikn aukar sannsynet for å vera ute av NAV sine register og i jobb åtte månader etter?

Tidlegare forskning

Ein studie frå Frisch-senteret (Bratsberg mfl. 2020b) har teke utgangspunkt i dei som søkte om dagpengar i perioden mars til medio august 2020 og ser på samansetninga av denne gruppa over tid. Dei finn at ettersom tida går, er det ein aukande del i denne gruppa som høyrer til den nedre halvdelan av inntektsfordelinga. Ein aukande del er også personar født utanfor Noreg, fleire eldre, fleire menn, og fleire utan fullført vidaregåande utdanning. Fleire av desse gruppene er personar som vanlegvis er utsette når arbeidsløysa aukar.

Ein studie har sett på situasjonen for dei som vart arbeidslause i februar 2020, rett før koronakrisa ramma, samanlikna med dei som vart arbeidslause i februar 2019 (Bratsberg mfl. 2020b). Medan det er lite variasjon mellom desse to gruppene med omsyn til bakgrunnskjenneitekn, så er lang færre av dei som vart arbeidslause i februar 2020 tilbake i jobb fire månader etter.

Gjerde mfl. (2020) har sett på korleis koronakrisa råka den norske arbeidsmarknaden i den aller første perioden av krisa, frå 10. mars og til og med 26. mai, ein periode då talet på registrerte arbeidssøklarar hos NAV meir enn firedobla seg. Dei finn at det meste av auken kjem av ein kraftig auke i talet på permitterte, og at mange av dei permitterte er tilbake att i jobb i løpet av kort tid. Likevel er det meir enn tre gonger fleire arbeidssøklarar registrert hos NAV i slutten av mai samanlikna med 10. mars.

Ein analyse av dei tre siste nedgangskonjunkturane før koronakrisa viste at arbeidsløysa då auka mest blant industriarbeidarar, bygge- og anleggsarbeidarar og ingeniørar og ikt-yrker (Vidal-Gil 2017). Dette er yrke som er mannsdominerte, og nedgangskonjunkturane har difor råka menn hardare enn kvinner. Menn i 20-åra har særleg vore utsett for konjunkturarbeidsløysa. Demografiske endringar over tid med ei sterk arbeidsinnvandring frå nye EU-land på 2000 talet har bidrege til at ein større del av dei arbeidslause over tid er innvandrarar.

Arbeidsløysa som følgje av koronakrisa ramma i utgangspunktet ikkje spesielt dei yrkesgruppene som vanlegvis er utsette for konjunktursvingingar. Nedstenginga førte til at nokon yrkesgrupper vart hardare ramma enn andre, særleg yrker innan reiseliv- og transport, butikk- og salsarbeid samt serviceyrke og anna arbeid (Gjerde mfl. 2020). Etter kvart vart også fleire næringar i privat sektor ramma av oppseiingar og permitteringar.

Ein studie av kven som vart ramma av nedstenginga dei første vekene av koronakrisa (Bratsberg mfl. 2020a) viste at risikoen for permittering eller oppseiing var høgare dess lågare utdanning, inntekt, timelønn og sosial klassebakgrunn ein lønstakar hadde.

Data og metode

Vi tar utgangspunkt i alle som hadde tilgang som ordinære arbeidssøklarar første halvår 2019 og første halvår 2020. Data er henta frå arbeidssøklarregisteret og NAV sine register over trygdemottakarar. Ved å sjå på alle som starta å registrera seg som arbeidssøklarar i første halvår 2020 får vi med alle som vart direkte råka av nedstenginga i den første bølga av pandemien. Samstundes får vi med dei som vart arbeidslause rett før krisa ramma og dermed møtte ein vanskeleg arbeidsmarkand.

Dei som framleis er arbeidssøklararar etter fem månader, er den gruppa av arbeidssøklararar som ikkje har hatt avgang som arbeidssøklar (jamfør faktaboks) i løpet av dei fem første månadene.

Datasettet vårt er månadlege observasjonar av arbeidssøklarane frå november 2018 til og med februar 2021. Det vil seia at den lengste perioden vi kan observera alle arbeidssøklarane er åtte månader, då det har gått åtte månader frå juni 2020 til februar 2021. For at alle skal observerast like lenge etter at dei starta arbeidssøklarperioden, har vi difor valt å sjå på kva status dei nye arbeidssøklarane har etter åtte månader.

Metoden vi brukar er deskriptiv statistikk og logistisk regresjon (sjå faktaboks). Ved hjelp av deskriptiv statistikk samanliknar vi dei nye arbeidssøklarane første halvår 2020 med tilsvarande gruppe for 2019. Vi ser

Definisjonar

Arbeidssøkjjar: Person som er registrert hos NAV som anten heilt arbeidslaus, delvis arbeidslaus eller deltakar i arbeidsmarknadstiltak.

Ny arbeidssøkjjar: Arbeidssøkjjar som er registrert som anten heilt arbeidslaus, delvis arbeidslaus eller som deltakar i arbeidsmarknadstiltak ved utgangen av ein måned, og som ikkje har vore registrert i nokon av desse statusane ved utgangen av dei to føregåande månadene.

Permittert: Permitterte kan vera heilt permitterte eller delvis permitterte (innskrenka arbeidstid). Heilt permitterte er inkludert i gruppa heilt arbeidslause og delvis permitterte i gruppa delvis arbeidslause. Definisjonen av permitterte blei endra i 2020 til å omfatta både arbeidssøkjjarar som har fått vedtak om dagpengar under permittering og dei som har søkt om dagpengar under permittering¹.

Avgang som arbeidssøkjjar: Ein person som er registrert som arbeidssøkjjar ved utgangen av ein måned, og som ikkje er registrert som arbeidssøkjjar ved utgangen av dei to påfølgjande månadene.

Langtidsarbeidssøkjjar: I artikkelen her er langtidsarbeidssøkjjar ein ny arbeidssøkjjar som har vore registrert som arbeidssøkjjar i minimum fem månader.

Søkt om dagpengar: Variabel som viser om ein arbeidssøkjjar har søkt om dagpengar. Vanlegvis brukar vi variabel over kven som mottar dagpengar etter innvilga vedtak. På grunn av lang saksbehandlingstid som følgje av den sterke tilstrøyminga av dagpengesøknader våren 2020 (og forskotsutbetaling av dagpengar) vil data over dagpengemottakarar bli misvisande for 2020. Vi bruker difor informasjon om ein har søkt om dagpengar, både for arbeidssøkjjarane i 2019 og i 2020, som indikator på at ein har rett på dagpengar, sjølv om ein må venta at ein del av søknadane ikkje vil bli innvilga.

¹ Meir informasjon på nav.no: https://www.nav.no/no/nav-og-samfunn/statistikk/arbeidssokere-og-stillinger-statistikk/relatert-informasjon/om-statistikken-arbeidssokere/5.historikk-og-sammenlignbarhet-over-tid_kap

på bakgrunnskjenneiteikn og varigheit av arbeidssøkjjarperioden. Både deskriptiv statistikk og logistisk regresjon er brukt til å sjå på kva for faktorar som påverkar sannsynet for at dei nye arbeidssøkjjarane første halvår 2020 blei verande arbeidssøkarar i fem månader eller lengre. Vidare ser vi på kva for status arbeidssøkjjarane har i høve til arbeidsmarkanden åtte månader etter at dei starta som arbeidssøkjjarar. Vi samanliknar status for dei nye i 2020 med status for

Logistisk regresjon

Logistisk regresjon kan ein bruka for å estimera sannsynet for eit diskret utfall av den avhengige variabelen. Til dømes i analysen av kva for faktorar som påverkar sannsynet for å vera arbeidssøkjjar i 5 månader eller meir, er den avhengige variabelen $y = 1$ dersom ein framleis er registrert som arbeidssøkjjar 5 månader etter start på arbeidssøkjjarperioden, $Y = 0$ dersom dette ikkje er tilfelle. Logistisk regresjon estimerer kor mykje av den naturlege logaritmen til oddsen for $Y = 1$ endrar seg for kvar eining endring i forklaringsvariablane X_1, \dots, X_n . Variablane X_1, \dots, X_n kan vera kontinuerlege (som alder rekna i år) eller kategoriske som kva fylke ein er busett i.

Resultata frå regresjonsanalysen presenterer vi i en tabell med koeffisientar i form av oddsratel. Odds er sannsynet for at noko skal skje i forhold til sannsynet for at det ikkje skal skje ($\text{odds} = p/(1-p)$). Oddsraten er forholdet mellom to odds, til dømes forholdet mellom oddsen for framleis å vera arbeidssøkjjar etter fem månader dividert på oddsen for ikkje å vera arbeidssøkjjar etter fem månader. Oddsraten kan, når det gjeld kjenneteikn målt ved kategoriske variablar, tolkast som oddsen for å framleis vera arbeidssøkjjar etter fem månader ($Y = 1$) med eit gitt kjenneteikn (X), sett opp mot oddsen for framleis å vera arbeidssøkjjar når verdien av X er lik basiskategorien. Til dømes er basiskategorien i variabelen bustadfylke Oslo. Oddsen for å framleis vera arbeidssøkjjar etter fem månader av å vera busett i eit anna fylke, t.d. Rogaland, vil då vera målt opp mot oddsen for å vere arbeidssøkjjar blant dei som bur i Oslo.


dei nye i 2019 ved hjelp av deskriptiv statistikk. Til slutt brukar vi deskriptiv statistikk og logistisk regresjon for å sjå på kva faktorar som påverkar sannsynet for at dei koronaledeige er ute av NAV sine register og i jobb åtte månader etter starten på arbeidssøkjjarperioden.

Kven blei arbeidslause som følgje av nedstenginga?

I første halvår 2020 vart i underkant av 468 000 nye arbeidssøkjjarar registrert hos NAV, mot 86 400 same periode i 2019 (figur 2). I løpet av mars 2020 registrerte heile 315 700 arbeidssøkjjarar seg hos NAV, dei aller fleste av desse frå 12 mars og utover.


Dei første koronaledeige blei arbeidslause på grunn av offentlege vedtak om smittevern. Dei spesielle tilhøva som førte dei mange ut i arbeidsløyse gjorde at langt

Figur 2. Nye arbeidssøklarar første halvår etter månad, personar.



Kjelde: NAV

Figur 3. Nye arbeidssøklarar første halvår som søkte om dagpengar, samt nye arbeidssøklarar første halvår som var permittert i løpet av arbeidssøklarperioden. Prosent



Kjelde: NAV

fleire enn vanleg av dei arbeidslause vart permitterte, og ein større del av arbeidssøklarane var delvis ledige.

72 prosent av dei nye arbeidssøklarane i første halvår 2020 var registrert som permitterte i løpet av arbeidssøklarperioden, mot berre 5 prosent av dei som hadde tilgang same periode året før² (figur 3).


Talet på dagpengesøknader hos NAV auka kraftig i løpet av mars 2020, og det blei innført ei ordning med forskott på dagpengar slik at dei arbeidslause ikkje skulle stå utan inntekt medan NAV handsama søknadane om dagpengar. For å få eit betre bilete av kven som mottek dagpengar har vi valt å bruka tal over kven som søkte om dagpengar, sidan variabelen over dagpengemottakarar byggjer på vedtak som er innvilga, jamfør faktaboks. Blant dei nye arbeidssøklarane første halvår 2020 søkte heile 82 prosent om dagpengar, tilsvarande tal var 51 prosent for nye arbeidssøklarar same periode i 2019. At fleire av arbeidssøklarane søkte om dagpengar i 2020 kan truleg forklarast med at fleire av dei nye var personar som var i arbeid (færre nykomarar på arbeidsmarkanden) enn året før, og at kravet til storleiken på tidlegare arbeidsinntekt vart senka våren 2020.

Få av dei nye arbeidssøklarane første halvår 2020 var i tiltak medan dei var registrert som arbeidssøklarar (figur 4). I denne gruppa var 2 prosent i tiltak i perioden dei var arbeidssøklarar, medan dette gjaldt 15 prosent blant dei nye i første halvår 2019. Mange arbeidsmarknadstiltak blei innstilt den første tida etter koronakrisa slik at tiltak var lite aktuelt. Samanlikna med 2019 var ein langt større del av dei nye arbeidssøklarane i 2020 registrert som delvis arbeidslause i løpet av arbeidssøklarperioden. 59 prosent av dei var registrert som delvis ledige når vi baserer oss på observasjonar ved utgangen av kvar månad³. Medan over halvparten, 51 prosent, av dei nye arbeidssøkla-

² Endring av definisjonen av permittert frå 2019 til 2020 gjer at desse tala ikkje direkte kan samanliknast, jamfør faktaboks.

³ NAV bruker informasjon frå meldekorta for å skilja mellom heilt arbeidslause og delvis arbeidslause. Ved første registrering får alle status som heilt arbeidslause. Arbeidssøklarane sender inn meldekort kvar 14. dag, og etter kvart som meldekorta kjem inn blir statusen endra for dei som har jobba heilt eller delvis dei siste 14 dagane. Månadsobservasjonar kan difor underestimera kor mange som har vore delvis ledige i løpet av arbeidssøklarperioden.

Figur 4. Nye arbeidssøkjjarar første halvår som var registrert i ulike statusar i løpet av arbeidssøklarperioden. Prosent




Kjelde: NAV

rane første halvår 2019 berre var registrert som heilt arbeidslause, og verken var i tiltak eller delvis i arbeid i løpet av arbeidssøklarperioden, gjaldt dette 39 prosent av dei nye arbeidssøklarane første halvår 2020.

Arbeidsløysa auka blant begge kjønn i alle aldersgrupper (figur 5). Størst auke i talet på nye arbeidssøkjjarar finn vi blant unge mellom 20 og 29 år. I denne aldersgruppa er mange sysselsett i næringar som er hardt ramma av smittevernstiltak. Mange unge har jobbar innan reiseliv og servering. I alderen 20-30 år er det også mange som fullfører utdanning og som skal inn på arbeidsmarknaden. Unge som er i arbeid har oftast mindre arbeidserfaring og lågare ansiennitet enn eldre arbeidstakarar og vil vera meir utsett for å mista jobben når verksemdene må innskrenka. Sjølv om det var flest nye arbeidssøkjjarar blant menn i alderen 25-30 år, så er den prosentvise auken størst blant eldre. Medan det i løpet av første halvår 2019 vart registrert i overkant av 3 100 nye arbeidssøkjjarar som var 60 år eller eldre, vart det i løpet av same periode 2020 registrert 31 400 nye i denne aldersgruppa, det vil seia at talet på arbeidslause blant dei eldste i arbeidsstyrken tidobla seg samanlikna med året før.


Det spesielle med arbeidsløysa under koronakrisa er at ho i utgangspunktet ikkje starta gjennom vanlege konjunkturbaserte mekanismar, men var eit direkte resultat av styresmaktene sine tiltak for å hindra smittespreiinga i samfunnet. I nedgangskonjunkturar

Figur 5. Nye arbeidssøkjjarar første halvår etter kjønn og alder. Personar



Kjelde: NAV

Figur 6. Nye arbeidssøkjjarar etter yrkesgruppe. Endring frå første halvår 2019 – første halvår 2020. Talet på arbeidssøkjjarar (venstre akse) og endring i prosent (høgre akse)



Kjelde: NAV

er det vanleg at arbeidsløysa aukar mest i yrka innan industriarbeid, bygg og anlegg og innan ingeniør- og ikt-yrke (Vidal-Gil 2017). Koronakrisa førte til fleire arbeidslause i alle yrkesgrupper, men det var flest nye arbeidslause i yrkesgruppene butikk- og salsarbeid, reiseliv og transport og serviceyrke og anna arbeid (figur 6). I første halvår 2020 vart det registrert 381 600 fleire nye arbeidssøkjjarar (slik vi har definert det her) samanlikna med same periode i 2019. 171 800 personar, eller 45 prosent, kom frå dei tre sistnemnde yrkesgruppene.

Innan næringsgruppa overnatting- og serveringsverksemd var det i følgje tal frå SSB (SSB2021b) ein nedgang i sysselsettinga på 17 prosent frå fjerde kvartal 2019 til fjerde kvartal 2020. Dette er ei næringsgruppe med mange sysselsette frå yrkesgruppene nemnd over. Over halvparten av sysselsettingsnedgangen i denne perioden kjem frå denne næringsgruppa. Også innan forretningsmessig tenestytting, som mellom anna omfattar utleige av arbeidskraft, var det ein monaleg nedgang i sysselsettinga.

Nokon fleire av dei nye arbeidssøkjjarane i 2020 hadde utdanning ut over grunnskolen samanlikna med same

periode året før. Første halvår 2020 rapporterte 87 prosent av dei nye arbeidssøkjjarane til NAV at dei hadde utdanning ut over grunnskolenivå, mot 82 prosent første halvår 2019 (tabell 1).


Ein større del av dei nye arbeidssøkjjarane i første halvår 2020 er født i Noreg samanlikna med året før, dette gjeld 69 prosent i 2020 mot 61 prosent i 2019. Det var ein auke i talet på arbeidssøkjjarar både blant personar født i Noreg og blant personar født i utlandet, men auken var sterkast blant personar født i Noreg. Seks gonger fleire nye arbeidssøkjjarar med Noreg som fødeland registrerte seg hos NAV i første halvår 2020, mot ei firedobling blant personar født i utlandet. Få nye kom til Noreg den første tida etter koronakrisa, og ein del arbeidssøkjjarar kan også ha reist heim. Nettoinnvandringa til Noreg var på 11 100 samla for 2020, det lågaste talet sidan 2002 (SSB 2021). I andre kvartal 2020 var det negativ netto innvandring til Noreg for første gong så langt data vises i statistikkbanken til SSB⁴.

⁴ Frå og med 4. kvartal 1997.

Tabell 1. Kjenneteikn ved nye arbeidssøklarar første halvår 2019 og 2020, prosent

	2019	2020		2019	2020
N	86392	467972		86392	467972
Tilgangsmånad:			Yrkesbakgrunn		
januar	25,5	4,4	Butikk- og salsarbeid	13,6	16,3
februar	16,4	3,0	Reiseliv og transport	9,2	14,5
mars	15,2	67,5	Serviceyrket og anna arbeid	9,5	11,8
april	14,9	14,9	Industriarbeid	8,5	8,6
mai	12,9	5,6	Bygg og anlegg	9,9	8,5
juni	15,0	4,5	Kontorarbeid	7,3	7,9
Kjønn:			Leiarar	2,5	6,4
Kvinne	45,5	44,5	Ingen yrkesbakgrunn/uoppgitt	14,6	5,9
Mann	54,5	55,5	Ingeniør- og ikt-fag	3,6	5,3
Aldersgruppe:			Helse, pleie og omsorg	7,8	5,0
under 20 år	5,3	4,1	Meklarar og konsulentar	2,6	3,6
20 - 29 år	35,5	28,5	Barne- og ungdomsarbeid	4,8	2,3
30 - 39 år	27,1	25,0	Undervisning	2,8	1,9
40 - 49 år	17,5	19,9	Akademiske yrker	1,7	1,4
50 - 61 år	12,3	18,1	Jordbruk, skogbruk og fiske	1,7	0,6
62 år og over	2,3	4,4	Fylke (inndeling frå 2020)		
Påbegynt utdanning			Viken	21,6	23,2
Ukjent	6,8	4,0	Oslo	15,1	17,0
Grunnskole	11,6	9,0	Innlandet	6,2	6,2
Vidaregåande skole	52,6	54,3	Vestfold og Telemark	8,4	7,1
Høgare utdanning, inntil fire år	20,5	24,2	Agder	5,7	5,2
Høgare utdanning, over fire år	8,6	8,6	Rogaland	8,6	8,4
Fødeland:			Vestland	11,2	11,4
Noreg	61,4	69,2	Møre- og Romsdal	4,7	4,8
Nord-Amerika og Oseania	4,7	5,5	Trøndelag	8,6	8,0
Øst-europeiske EU-land	9,8	8,1	Nordland	4,7	3,8
Øst-Europa utanfor EU	3,0	2,4	Troms og Finnmark	5,2	4,2
Afrika	6,7	2,9	Øvrige områder	0,0	0,7
Asia	11,0	7,8	Ukjent fylke	0,1	0,1
Sør- og Mellom-Amerika	1,5	1,1	I løpet av perioden som as:		
Ukjent	1,8	3,0	Heilt arbeidslaus	50,9	38,6
Sum født i utlandet	38,6	30,8	Delvis arbeidslaus	33,9	59,1
			Deltakar i tiltak	15,3	2,2
			Søkt om dagpengar	50,7	81,6
			Permittert	5,2	71,9

Kjelde: NAV

Figur 7. Nye arbeidssøklarar første halvår etter år og fylke, i prosent av arbeidsstyrken

Kjelde: NAV


Alle fylka vart ramma av koronakrisa, men flest nye arbeidssøklarar kom til i Oslo (figur 7). I løpet av første halvår 2020 registrerte ein femdel av arbeidsstyrken i Oslo seg som arbeidssøklarar. Dette er 3,2 prosentpoeng høgare enn i Viken, fylket med nest høgast prosentdel. Færrest nye arbeidssøklarar kom til i Nordland med 14,2 prosent av arbeidsstyrken. Ei samanlikning av fylka som blei mest og minst ramma av koronakrisa dei første månadene viser at forskjellane i stor grad kan forklarast med forskjellar i næringsstruktur (Gjerde mfl. 2020). Ei samanlikning av dei sysselsette i Nordland og i Oslo viser at langt fleire i Nordland er sysselsett i offentleg sektor som vart lite ramma av koronatiltaka. I Oslo er det langt fleire sysselsett i personleg tenesteyting og i forretningsmessig tenesteyting, næringer som vart sterkt ramma av tiltaka.

Mange var ledige berre i kort tid

Vi har definert at ein arbeidssøklar har avgang når ein ikkje er registrert som arbeidssøklar i to påfølgjande månader. Ser vi på alle som registrerte seg som

arbeidssøklar i løpet av første halvår 2020 så er 73 prosent ute att etter 5 månader, 8 prosentpoeng fleire enn blant dei som vart arbeidslause i same periode året før. Blant dei som vart arbeidslause første halvår 2019 er det lite skilnader i varigheit som arbeidssøklar uansett kva månad ein starta arbeidsløseperioden (figur 8). For nye arbeidssøklarane i første halvår 2020 har tidspunktet dei vart arbeidslause mykje å seia for varigheita. Dette heng saman med at smittevernstiltaka var mest omfattande i mars og starten av april, før det kom ei gradvis oppmjuking. Dei som starta arbeidssøklarperioden i januar og februar 2020, før koronakrisa ramma, skil seg ut med at langt færre har avslutta i løpet av dei fem første månadene. Dette gjeld både når vi samanliknar dei med dei som hadde tilgang same månader i 2019 og når vi samanliknar med dei som hadde tilgang i månadene mars – juni 2020. Dei møtte ein svært vanskeleg arbeidsmarknad dei første månadene av koronakrisa. Nedstenginga av økonomien gjekk ikkje berre ut over dei som blei arbeidslause som ein direkte følgje av tiltaka, men også dei som var utan arbeid då krisa råka.

Figur 8. Avgang som arbeidssøkjar etter varigheit i månader frå tilgang, etter tilgangsmånad. Prosent



Kjelde: NAV

Kven blei verande ledige?

Av dei nye arbeidssøkjarane i første halvår 2020 var 27 prosent framleis registrert som arbeidssøkjar hos NAV fem månader etter start på arbeidssøkjarperioden. I tillegg til å visa prosentdelen som var registrert hos NAV samanhengande i fem månader eller meir etter bakgrunnskjenneteikn, har vi brukt logistisk regresjon for å sjå kor stor effekt ulike variablar har på sannsynet for å bli verande registrert i minimum fem månader når vi kontrollerer for effekten av andre variablar (sjå faktaboks om logistisk regresjon). Vi rapporterer oddsraten for framleis å vera arbeidssøkjar etter fem månader i forhold til basiskategorien for kvar variabel (tabell 2). Når oddsraten er høgare enn 1 aukar sannsynet for framleis å vera arbeidssøkjar sett opp mot sannsynet for dei som er i basiskategorien. Ein oddsrate på 1 vil seia at sannsynet for framleis å vera arbeidssøkjar er like høgt som i basiskategorien, medan ein oddsrate under 1 gir lågare sannsyn.

Månaden ein hadde tilgang som arbeidssøkjar har innverknad på for kor stort sannsyn det er for at ein blir langtidsarbeidssøkjar. Tilgangsmånad fangar opp effekten av tilhøva på arbeidsmarkanden heile perioden ein er arbeidslaus. Sannsynet for å bli langtidsarbeidssøkjar er høgast for dei som starta arbeidssøkjarperioden i januar og i februar, månaden før koronakrisa starta, sett i forhold til dei som starta opp i mars. Dette viser at koronakrisa også ramma dei som allereie var arbeidslause hardt. Dei som starta arbeidssøkjarperioden i april har lågast sannsyn for å bli langtidsarbeidssøkjar, medan sannsynet igjen aukar for dei som startar i mai og juni. Regresjonen viser også at kvinner har litt høgare sannsyn enn menn for å bli langtidsarbeidssøkjar, alle andre ting likt.

Sannsynet for å bli langtidsarbeidssøkjar aukar med aukande alder. Alle aldersgrupper over 30 år har høgare sannsyn for å bli langtidsarbeidssøkjarar

samanlikna med dei som er i alderen 20 – 29 år, som er vår basiskategori i regresjonen. Sannsynet er høgast for dei som er 62 år og eldre. Ungdom under 20 år har lågare sannsyn for å bli langtidsarbeidssøkjjarar samanlikna med dei i alderen 20 – 29 år.

Alle utdanningsgrupper har lågare sannsyn for å verta langtidsarbeidssøkjjarar enn dei som har grunnskoleutdanning. Minst sannsyn for å bli langtidsarbeidssøkjjarar har dei med lang høgare utdanning. Resultata for dei ulike utdanningsgruppene må tolkast med varsemd sidan dei byggjer på sjølvrapportert utdanningsbakgrunn, då NAV ikkje har tilgang til fullstendige registerbaserte utdanningsdata. Personar født i utlandet har høgare sannsyn for å verta langtidsarbeidssøkjjarar samanlikna med norskfødde, uansett fødeland. Minst forskjell er det mellom norskfødde og personar som er født i Vest-Europa utanom Noreg. Personar som er født i Afrika har høgast sannsyn for å bli langtidsarbeidssøkjjarar med ein oddsrate på 2,077 sett opp mot arbeidssøkjjarar født i Noreg. Dette må sjåast i samanheng med at personar født i Afrika er dei som i fleire år har hatt høgast registrert arbeidsløyse, noko som truleg skuldast at det er mange flyktningar i denne innvandrargruppa (SSB 2021b).

Over 83 prosent av dei som var i arbeidsmarknadstiltak i løpet av arbeidssøkjjarperioden var framleis registrert etter fem månader. For mange arbeidslause er ikkje tiltak aktuelt før det har gått noko tid. Regresjonen viser at det å delta i tiltak er den einskildfaktoren som gir høgast oddsrate for å bli verande arbeidssøkjjar lenge, sett opp mot dei som berre er registrert som heilt arbeidslause i løpet av arbeidssøkjjarperioden. Årsaka til dette er nok ikkje sjølv tiltaket, men det at tiltak berre er aktuelt for arbeidssøkjjarar som har behov for ekstra innsats for å komma i arbeid. Truleg vil svært få som startar i tiltak ha ei samla tid som arbeidssøkjjar på mindre enn fem månader.

Dei som har søkt om dagpengar har klårt høgare sannsyn for å vera arbeidssøkjjar i minimum fem månader enn dei som ikkje har søkt, alle andre ting likt. Truleg har dei fleste av dei som har søkt om dagpengar rett på dagpengar. Det å motta dagpengar i løpet av arbeidssøkjjarperioden aukar i seg sjølv

sannsynet for å gå ledig til dagpengeperioden nærmar seg slutten (Røed og Zhang 2005, Furuberg og Kalstø 2017). Personar som har vore permittert har eit redusert sannsyn for å vera langtidsarbeidssøkjjar i forhold til dei som ikkje var permitterte. Mange som vart permitterte i starten av pandemien kom tilbake i jobb då den første bølga av pandemien var over og deler av samfunnet opna.

Berre arbeidssøkjjarar med bakgrunn frå helse, pleie og omsorg har lågare sannsyn for å bli langtidsarbeidssøkjjarar samanlikna med dei frå butikk- og salsarbeid. Arbeidssøkjjarar frå bygge- og anleggsarbeid, jordbruk, skogbruk og fiske og undervisningsarbeid skil seg ikkje ut frå butikk- og salsarbeid når det gjeld sannsynet for å bli langtidsarbeidssøkjjar. Dette er yrkesgrupper der få vart arbeidslause som følgjer av koronatiltaka. Arbeidssøkjjarar med bakgrunn frå reiseliv og transport har størst sannsyn for å bli langtidsarbeidssøkjjarar. Reiseliv og transport blei hardt råka av smittevernstiltaka. Mange yrker innan reiseliv og transport er knytt til turisme og arbeid innan restaurantar og servering. Dette er sektorar der det har vore mange smittevernstiltak som har påverka aktiviteten.

Uansett bustadfylke, har alle lågare sannsyn for å bli langtidsarbeidssøkjjarar enn dei som er busett i Oslo⁵. Personar registrert med ukjent bustadfylke har lågast sannsyn for å bli langtidsarbeidssøkjjarar. Truleg er mange i denne gruppa personar som står tilmeldt NAV i kort tid og difor ikkje får registrert bustadfylke. Dei som er busett i Møre- og Romsdal og i Nordland har lågast sannsyn for å bli langtidsarbeidssøkjjarar, medan dei som bur i Rogaland og i Viken berre har litt mindre sannsyn for å verta langtidsarbeidssøkjjarar samanlikna med Oslo. Forskjellar mellom fylka kan truleg forklarast både med ulik næringsstruktur og med ulikt smittetrykk og smittevernstiltak.

.....
⁵ Dette når vi ser bort i frå 400 nye arbeidssøkjjarar som er oppført med bustadfylke «Øvrige områder»


Tabell 2. Prosentdel langtidsarbeidssøkjjarar blant nye arbeidssøkjjarar 1. halvår 2020 etter bakgrunns-kjenneteikn (venstre kolonne). Resultat frå logistisk regresjon i form av oddsraten (høgre kolonne). Avhengig variabel: Arbeidssøkjjar minimum fem månader=1(arbeidssøkjjar fem månader eller kortare =0)

	Varigheit min. 5 mnd	OR		Varigheit min 5 mnd	OR
Tilgangsmånad:			Yrkesbakgrunn, forts.		
januar	47	2,423***	Ingen yrkesbakgr./uoppgitt	28	1,286***
februar	45	2,418***	Ingeniør- og ikt-fag	29	1,350***
mars	26	Basiskat.	Jordbr., skogbr. og fiske	24	0,967
april	22	0,811***	Kontorarbeid	32	1,579***
mai	28	1,267***	Leiarar	29	1,379***
juni	36	1,942***	Meklarar og konsulentar.	25	1,061**
Kjønns:			Reiseliv og transport	36	1,928***
Kvinne	28	1,072***	Serviceyrke og anna arbeid.	27	1,188***
Mann	27	Basiskat.	Undervisning	25	1,005
Aldersgruppe:			Fylke:		
under 20 år	12	0,555***	Viken	29	0,936***
20 - 29 år	23	Basiskat.	Oslo	31	Basiskat
30 - 39 år	30	1,282***	Innlandet	23	0,699***
50 - 61 år	30	1,502***	Agder	23	0,669***
62 år og over	27	1,647***	Rogaland	29	0,919***
Påbegynt utdanning			Vestland	27	0,861***
Ukjent	30	0,906***	Møre- og Romsdal	22	0,607***
Grunnskole	30	Basiskat.	Trøndelag	24	0,705***
Vidaregåande skole	26	0,930***	Nordland	22	0,625***
Høgre utd, inntil 4år	28	0,933***	Troms og Finnmark	25	0,742***
Høgre utd, over 4år	28	0,883***	Øvrige områder	15	1,540***
Fødeland:			Ukjent fylke	42	0,264***
Noreg	24	Basiskat.	I løpet av arbeidsperioden		
Nord-Amerika og Oseania	30	1,246***	Heilt arbeidslaus	16	Basiskat.
Aust -Europa i EU	35	1,669***	Delvis arbeidslaus	32	2,917***
Aust-Europa elles	36	1,615***	Deltakar i tiltak	83	22,683***
Afrika	41	2,077***	Ikkje søkt om dagpengar	22	Basiskat.
Asia	38	1,743***	Søkt om dagpengar	28	2,044***
Sør- og Mellom-Amerika	36	1,590***	Ikkje permittert	31	Basiskat.
Ukjent fødeland	24	1,596***	Permittert	26	0,556***
Yrkesbakgrunn					
Akademiske yrker	30	1,352***			
Barne- og ungdomsarb.	30	1,201***			
Butikk- og salsarb.	21	Basiskat.			
Bygg og anlegg	22	0,998			
Helse, pleie og omsorg	19	0,658***			
Industriarbeid	26	1,195***			
Totalt	27,1				

p<0,05 *p<0,01, N= 467 972

Kjelde: NAV

Figur 9. Status åtte månader etter start på arbeidssøklarperioden blant nye arbeidssøklarar første halvår. Prosent



Kjelde: NAV

Status åtte månader etter start på arbeidssøklarperioden

Vi har data som gjer at vi kan observera alle arbeidssøklarane i minimum åtte månader. Vi har difor valt å sjå på kva status dei nye arbeidssøklarane har åtte månader etter at dei starta arbeidssøklarperioden.

I statistikken over sysselsette blir permitterte rekna som mellombels fråverande frå jobb og difor sysselsette dei første tre månadane av permitteringsperioden, medan dei blir rekna som arbeidslause i NAV sin statistikk over arbeidslause frå det tidspunktet dei registrerer seg. For å finna ut om ein er i arbeid er det difor nødvendig å sjå på kven som er sysselsett utan samstundes å vera registrert som arbeidssøklar hos NAV.

70 prosent av dei nye arbeidssøklarane i løpet av første halvår 2020 var arbeidstakarar utan at dei samstundes var å finna i NAV sine register over

arbeidssøklarar eller trygdemottakarar åtte månader etterpå (figur 9). Dette er 21 prosentpoeng fleire enn dei som var nye arbeidssøklarar i same periode i 2019. Ni prosent av dei nye i 2020-gruppa er registrert som arbeidssøklarar samstundes med at dei er arbeidstakarar. I denne gruppa finn vi mange delvis ledige og personar som er permittert. Det er også nokon få som er arbeidstakarar og samstundes er registrert i gruppa nedsett arbeidsevne hos NAV. Fire prosent kombinerer det å vera arbeidstakar med mottak av ulike trygder, jamfør definisjon av trygder i faktaboks. Til saman er 83 prosent av dei nye arbeidssøklarane i første halvår 2020 i arbeid etter åtte månader, tilsvarande tal for dei nye første halvår 2019 er 60 prosent.

Samanlikna med dei nye arbeidssøklarane i første halvår 2019 er svært få av dei koronaledige å finna i gruppa med nedsett arbeidsevne etter åtte månader.

Blant dei som starta ein arbeidssøklarperiode i første halvår 2019 var 6 prosent registrert med nedsett arbeidsevne, det tilsvarande talet for dei koronaledige var 2 prosent. Ei forklaring her kan vera samansetjings-effektar. Ein del av arbeidsstyrken har dårleg helse eller andre utfordringar som gjer det vanskeleg å vera like produktive som det krevjast for å vera i jobb. Dette er personar som har større vanskar enn andre med å finna arbeid uavhengig av etterspørselen etter arbeidskraft. Når mange blir arbeidslause, slik som under koronakrisa, vil denne gruppa utgjera ein mindre del av dei som vert ledige.

Blant dei som vart arbeidssøklarar første halvår 2019 var 15 prosent å finna i gruppa med ukjent status etter åtte månader. Tilsvarande tal for dei koronaledige var 8 prosent. Ukjent status vil seia at dei ikkje var i arbeid eller registrert i nokon av statusane vi har opplysningar om her, jamfør faktaboks. I denne gruppa finn vi mellom anna personar som sluttar å senda meldekort fordi dei ikkje har rett på dagpengar. Personar som har starta opp i utdanning vil og vera registrert med ukjent status då vi ikkje har opplysningar om pågåande utdanning i datamaterialet vårt. Blant dei nye arbeidssøklarane i første halvår 2020 hadde fleire rett til dagpengar enn samanlikna med arbeidssøklarane året før. Dette er truleg forklaringa på at det er færre i gruppa ukjent blant dei koronaledige.

7 av 10 var i arbeid og ute av NAV sine register etter åtte månader

Blant dei nye arbeidssøklarane i 2020 var sju av ti registrert som arbeidstakarar utan samstundes å vera registrert hos NAV etter åtte månader (tabell 3).

Dei som vart arbeidssøklarar i januar og februar har lågare sannsyn for å vera i arbeid åtte månader etter at dei starta arbeidssøklarperioden samanlikna med dei som starta i mars. Månaden ein startar som arbeidssøklar fangar opp effekten av tilhøva på arbeidsmarknaden i heile perioden ein er arbeidssøklar, så vel som tilhøva månaden ein startar og åtte månader etter oppstart. Det er ingen forskjell mellom dei som vart arbeidssøklarar i mars og april, medan sannsynet for å vera i jobb åtte månader etter igjen minkar for dei som vart arbeidslause i mai og juni.

Status på arbeidsmarkanden åtte månader etter start på arbeidssøklarperioden

Personane er definert i følgjande prioriterte statusar:

Berre arbeidstakar: Personar registrert med eit aktivt arbeidstakarforhold i AA-ordninga ved utgangen av månaden, utan å vera registrert som arbeidssøklar, person med nedsett arbeidsevne, mottakar av overgangsstønad, mottakar av uføretrygd eller mottakar av alderstrygd.

Arbeidstakar/arbeidssøklarar: Personar som er arbeidstakarar og samstundes registrert som arbeidssøklarar.

Arbeidstakar/nedsett arbeidsevne: Personar som er arbeidstakarar og samstundes registrert med nedsett arbeidsevne.

Arbeidstakar/trygdemottakar: Personar som er arbeidstakarar og samstundes registrert som mottakar av overgangsstønad, mottakar av uføretrygd eller mottakar av alderstrygd.

Arbeidssøklarar: Personar som ikkje er definert som arbeidstakarar i ein av gruppene over og som er registrert som anten helt ledig, delvis ledig, arbeidssøklar i tiltak, eller annan arbeidssøklar, ved utgangen av månaden.

Nedsett arbeidsevne: Personar som ikkje er registrert i ein av statusane over, og som er registrert med status nedsett arbeidsevne ved utgangen av månaden.

Trygder: Personar som ikkje er registrert i ein av statusane over og som er registrert anten som mottakar av overgangsstønad, uføretrygd eller alderspensjon ved utgangen av månaden.

Utvandra eller død: Personar som er registrert i folkeregisteret som utvandra eller død, uavhengig av andre registreringar.

Ukjent: Alle personar som ikkje er registrert i nokon av statusane over.

Sett i forhold til menn har kvinner litt lågare sannsyn for å vera i arbeid. Medan det ikkje er forskjell i sannsynet for å vera i arbeid mellom unge under 20 år og dei i alderen 20 – 29 år som er basiskategorien, så minkar sannsynet for å vera i arbeid med aukande alder. For arbeidssøklarar 62 år og eldre er sannsynet for å vera i arbeid slik det er definert her klart lågast, med ein oddsrate på 0,082. Det at dei eldste i arbeidsstyrken har så lågt sannsyn for å vera i jobb utan samstundes å vera registrert hos NAV skuldast truleg at

Tabell 3. Prosentdel nye arbeidssøklarar første halvår 2020 som har status berre som arbeidstakarar etter åtte månader, etter bakgrunnskjenneteikn (venstre kolonne). Resultat frå logistisk regresjon i form av oddsraten (høgre kolonne). Avhengig variabel: Berre registrert som arbeidstakar åtte månader etter=1(alle andre statusar =0)

	Berre arbeidstakar	OR		Berre arbeidstakar	OR
Tilgangsmånad:			Yrkesbakgrunn, forts.		
januar	47	0,586***	Butikk- og salsarbeid	76	Basiskat.
februar	44	0,534***	Bygg og anlegg	76	1,259***
mars	74	Basiskat.	Helse, pleie og omsorg	71	1,098***
april	72	1,014	Industriarbeid	74	1,007
mai	62	0,759***	Ing. yrkesbgr/uoppgitt	47	0,433***
juni	50	0,578***	Ingeniør- og ikt-fag	77	1,063**
Kjønn:			Jordbr., skogbr. og fiske	62	0,816***
Kvinne	69	0,922***	Kontorarbeid	70	0,773***
Mann	71	Basiskat.	Leiarar	74	0,849***
Aldersgruppe:			Meklarar og kons.	78	1,148***
under 20 år	69	0,987	Reiseliv og transport	65	0,556***
20 - 29 år	73	Basiskat.	serviceyrke og ann..	68	0,691***
30 - 39 år	72	0,901***	Undervisning	67	0,897***
40 - 49 år	73	0,826***	Fylke		
50 - 61 år	71	0,675***	Viken	70	1,087***
62 år og over	26	0,082***	Oslo	68	Basiskat.
Påbeg. utdanning			Innlandet	72	1,219***
Ukjent	55	1,001	Vestfold og Telemark	68	1,064***
Grunnskole	62	Basiskat.	Agder	71	1,171***
Vidareg. skole	71	1,140***	Rogaland	71	1,107***
Høgre utd, innt.4år	72	1,186***	Vestland	70	1,082***
Høgre utd, 4 år +	72	1,286***	Møre- og Romsdal	72	1,262***
Fødeland:			Trøndelag	72	1,169***
Noreg	72	Basiskat.	Nordland	72	1,264***
Vest- Europa m.m.	69	0,833***	Troms og Finnmark	70	1,102***
Aust -Europa i EU	69	0,785***	Øvrige områder	65	0,710**
Aust-Europa elles	67	0,830***	Ukjent fylke	56	0,755***
Afrika	55	0,711***	I løpet av arbs.perioden:		
Asia	62	0,765***	Berre heilt arbeidslaus	67	Basiskat
Sør- og Mel-Am.	64	0,780***	Delvis arbeidslaus	74	0,965***
Ukjent fødeland	63	0,659***	Deltakar i tiltak	25	0,255***
Yrkesbakgrunn			Ikkje søkt om dagp	54	Basiskat
Akademiske yrker	72	0,936	Søkt om dagpengar	74	0,962***
Barne- og ungd.arb	59	0,689***	Ikkje permittert	51	Basiskat
			Permittert	78	2,878***
Totalt	70				

p<0,05 *p<0,01, N= 467 972

Kjelde: NAV

mange i denne aldersgruppa kombinerer jobb og alderstrygd, både før og etter at dei vart arbeidssøkjjarar. Sannsynet for å vera i arbeid aukar med aukande utdanning, medan det ikkje er nokon forskjell mellom dei som har grunnskole som høgaste påbegynt utdanning og dei med ingen eller uoppgitt utdanning. Arbeidssøkjjarar med lang høgare utdanning har høgast sannsyn for å vera i arbeid åtte månader etter

Samanlikna med arbeidssøkjjarar som er født i Noreg så har alle andre arbeidssøkjjarar, uansett fødeland, lågare sannsyn for å vera i arbeid. Personar med ukjent fødeland har lågast sannsyn, dernest personar født i Afrika.

Når vi ser på yrkesbakgrunn så har arbeidssøkjjarar med bakgrunn frå bygg- og anleggsarbeid høgast sannsyn for å vera i jobb åtte månader etter samanlikna med arbeidssøkjjarar frå butikk- og salsarbeid. Også arbeidssøkjjarar frå helse, pleie og omsorg og ingeniør- og ikt-fag og meklarar og konsulentar har høgare sannsyn for å ver i jobb. Dette er yrkesgrupper som i mindre grad blei råka av nedstenginga som følgje av smittevernstiltak. Personar utan yrkeserfaring skil seg ut med å ha lågast sannsyn for å vera i jobb. Manglande yrkeserfaring er ei ulempe i konkurransen om arbeid i ein vanskeleg arbeidsmarknad. Etter personar utan yrkeserfaring er det dei med bakgrunn frå reiseliv og transport som har lågast sannsyn for å vera i jobb. Arbeidssøkjjarar med bakgrunn frå denne yrkesgruppa er dei som er aller mest råka av smittevernstiltaka.

Regresjonen stadfestar at Oslo er det fylket som er mest råka av koronakrisa, når vi ser bort frå dei små gruppene med ukjent fylke og kategorien øvrige områder. Arbeidssøkjjarar frå alle andre fylke har høgare sannsyn for å vera i jobb åtte månader etter samanlikna med Oslo. Dette skuldast truleg at Oslo har vore hardest ramma av koronakrisa gjennom heile det første året. Smittevernstiltaka har ført til store avgrensingar på næringslivet i Oslo også utover hausten 2020 og våren 2021. Arbeidssøkjjarar frå Vestfold og Telemark, Vestland og Viken har også lågare sannsyn for å vera i jobb samanlikna med arbeidssøkjjarar frå dei andre fylka. Arbeidssøkjjarar som er busette i Nordland og i Møre og Romsdal har høgast sannsyn for å vera i arbeid åtte månader etter alle andre ting likt.

Personar som har vore registrert som tiltaksdeltakarar i løpet av arbeidssøkjjarperioden har klart lågare sannsyn for å vera i jobb samanlikna med dei som bere har vore heilt arbeidslause i arbeidssøkjjarperioden. Dei som ikkje har vore i tiltak, men som har vore delvis ledige medan dei søkte arbeid har berre litt lågare sannsyn for å vera i jobb samanlikna med ei som berre har vore heilt arbeidslause. Alle andre ting likt, så er det liten forskjell mellom dei som har søkt om dagpengar og dei som ikkje har søkt om dagpengar i arbeidssøkjjarperioden. Dei som var permitterte har klart høgare sannsyn samanlikna med andre arbeidssøkjjar med same bakgrunnskjenneteikn som ikkje har vore permitterte.

Oppsummering

Sjølv om mange berre var ledige i kort tid og var tilbake i jobb att åtte månader etter tilgang så veit vi ikkje korleis det går på lang sikt med dei som mista jobben på grunn av koronakrisa. Mot slutten av 2020 og framover dei første månadene i 2021 har det komme fleire innstrammingar som har ramma mange av dei same næringane og regionane som vart ramma våren 2020.

Vi har også sett at dei gruppene som ofte har ekstra vanskar med å koma i arbeid når det er høg arbeidsløyse også er dei same som har blitt mest ramma av koronakrisa. Eldre, innvandrarar og personar utan fullført vidaregåande eller høgare utdanning er mest råka av arbeidsløysa som følgje av koronakrisa. Dette gjeld anten vi ser på varigheit av arbeidssøkjjarperioden eller kven som er i jobb åtte månader etter at dei vart arbeidssøkjjarar. Arbeidssøkjjarar utan arbeidserfaring skil seg ut med svært lågt sannsyn for å vera i jobb åtte månader etter. Koronakrisa ramma også dei som var arbeidslause før mars 2020, desse fekk ekstra vanskar med å finna nytt arbeid i ein tøff arbeidsmarknad.

Dersom pandemien varer ved og det tar tid før veksten i økonomien tar seg opp att, kan vi risikera at fleire kan bli varig utstøytt eller utestengt frå arbeidsmarknaden. Dette vil også stilla store krav til NAV og andre om ekstra innsats av ressursar og tiltak for å motverka dei negative verknadane for dei arbeidslause og for samfunnet.

Referansar

Bratsberg, Bernt, Gaute Eielsen, Simen Markussen, Oddbjørn Raaum, Knut Røed, Trond Vigtel (2020a) Koronakrisens første uker- hvem tok støytten i arbeidslivet? Nettartikkel lasta ned mars 2020. Henta frå: https://www.frisch.uio.no/om-oss/Nyheter/pdf/2020/artikkelpreprint_hvem_tok_stoyten_200408.pdf

Bratsberg, Bernt, Simen Markussen, Knut Røed, Oddbjørn Raaum, Gaute Eielsen, Annette Alstadsæter (2020b) «Koronaledige etter 22 uker – hvem er (ikke) tilbake i jobb?» Oslo: Frischsenteret.

Furuberg, Jorunn og Åshild Male Kalstø (2017) «Hvem går ut dagpengeperioden?» Arbeid og velferd, 2/2017.

Gjerde, Audun, Malin Charlotte Engel Jensen og Johannes Sørbo. «Den store nedstengingen». *Arbeid og Velferd*, 2/2020, s.3-24.

Røed, Knut & Tao Zhang (2005) «Unemployment duration and economic incentives – a quasi random-assignment approach». *European Economic Review*, 49 (7), s.1799–1825.

SSB(2020a) «Tabell 01222: Befolkning og kvartalsvise endringar, etter kvartal og statistikkvariabel» . Tilgjengeleg frå <https://www.ssb.no/statbank/table/01222/> Lasta ned mars 2021.

SSB(2020b) «Litt over 9 prosent ledige blant innvandrere» Nettartikkel publisert 11. februar 2021. Tilgjengeleg frå <https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/artikler-og-publikasjoner/litt-over-9-prosent-ledige-blant-innvandrere>. Lasta ned mars 2021.

SSB(2020c) «Nedgang i sysselsettingen i alle fylker». Nettartikkel publisert 11.mars 2021. Tilgjengeleg frå <https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/artikler-og-publikasjoner/nedgang-i-sysselsettingen-i-alle-fylker>. Lasta ned mars 2021.

Vidal-Gil, Eugenia (2017) «Endringer i arbeidsledigheten over tid». *Arbeid og Velferd*, 1/2017, s.19-26.

